



Etikkplakat for folkevalde i Kvam herad

Som folkevald skal eg:

- ***gje tillit***

- vera sannferdig i ord og handling
- vera open om eigne roller og vera merksam på eigen habilitet
- ikkje ta i mot gåver
- syta for likehandsaming

- ***vera open***

- respektera at politiske møter som hovudregel skal vera opne
- bidra til ein open politisk debatt
- syta for at lobbyverksemd er open
- leggja til rette for ytringsfridom

- ***visa respekt***

- ikkje påverka sakshandsamarar direkte
- respektera andre folkevalde og tilsette i kommunen
- leggja til rette for brukarmedverknad og inkludering
- visa toleranse for kjønn, legning, etnisitet, og funksjonsevne
- syta for at kommunen tek aktivt ansvar for å hindra forureining av lokalmiljøet

- ***visa mot***

- seia i frå om kritikkverdige forhold
- korrigera usanne opplysningar om politiske saker i samfunnsdebatten

